

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 17.03.2015
SAKSHANDSAMAR: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum
SAKA GJELD: **Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2015**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 016/15

STYREMØTE: 25.03.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2015.

Oppsummering

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikostyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 04.02.2015 (Sak 009/15) vedteke 3 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Helse Vest peika i denne saka ikkje ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest, men da Sjukehusapoteka Vest er et verkøy for Helse Vest i reduksjon av skadar knytt til legemiddel har Sjukehusapoteka Vest likevel vald å foreslå å nytte Styringsmål 1 – Tal på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2017 – som eit styringsmål for Sjukehusapoteka Vest også i 2014, men noko spissformulert.

I tillegg forslår administrasjonen tre lokale styringsmål i Sjukehusapoteka Vest knytt til drift av Publikumsutsal, kapasitet/ kompetanse og prosess-styring.

Styringsmål for kapasitet/ kompetanse og prosess-styring ligg tett opp til styringsmål 3 og 4 frå 2014, men er tydeleggjort og underliggande delmål og tiltak er tilpassa resultat som vart nådd i 2014.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil helseføretaket utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Denne prosessen vil bli tatt ut i organisasjonen i april. Arbeidet vil bli tatt opp som styresak i mai. I tillegg vil styret få rapportering på risikostyring i juni og november, samt evaluering av tiltak og status ved årsslutt.

Fakta

For 2015 er det frå administrasjonen foreslått følgjande risikostyringsmål med delmål:

	Styringsmål	Delmål
1	Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2017	1.1 SAV sikrar trygg tilgang til, og handtering av, legemiddel i sjukehusa 1.2 SAV bidreg til trygg bruk av legemiddel i heile pasientforløpet 1.3 Oppgåvefordeling av legemiddelproduksjon mellom SAV og sjukehusføretaka er optimal 1.4 SAV er aktiv bidragsyter i utarbeiding av felles regionale kvalitetsindikatorar og arbeidsprosesser knytt til legemiddelområdet
2	SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen	2.1 Nødvendige rammevilkår for forretningsdrift er etablert i tett samarbeid med sjukehusføretaka 2.2 SAV gjennomfører naudsynte investeringar 2.3 SAV nyttar brukarane aktivt i utforming av vare- og tenestetilbodet 2.4 SAV har en etablert kultur for omsorgssal
3	SAV har både faglig og administrativ kompetanse og kapasitet som er naudsynt for å klare både drift og utvikling/ prosjekt	3.1 SAV har naudsynt kompetanse på prosessleing og linjeleing 3.2 SAV har riktig oppgåvefordeling mellom eigen økonomifunksjon og LRS 3.3 SAV har avklart oppgåvefordeling og gode rutinar for samarbeid med Helse Vest Innkjøp 3.4 SAV har riktig administrativ oppgåvefordeling mellom apotek og føretaksadministrasjon
4	Alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar) har standardisert god kvalitet og vert betra kontinuerleg med brukaren/ kunden og beste praksis i fokus	4.1 Alle aktuelle prosessar er etablert, implementert og vert følgd opp i SAVvy 4.2 Prosessmål og prosessrisiko understøttar SAV sine overordna mål og den overordna risikostyringa 4.3 Prosessar for legemiddellogistikk vert vurdert «ende til ende» i Helse Vest, og er understøtta av tilpassa IKT-løysingar